

Vårstigbekken i Drivdalen

Trygve Reidar

## VI GÅR TIL BJØRÅSKARET!

Av Leif Halse

For ein sommar! Ruskver og regn dag ut og dag inn — veke etter  
veke! Kvar hadde sola gjort av seg? — Å, ho er vel einstad  
attom skodde og skyer, meinte Eivind. — Får ein berre rive han  
klår, så —.

Rive han klår, ja — det var lettare sagt enn gjort!

Og så gjekk ein der og såg på regnet som strøymte ned over  
brungrå hesjer — på skodda som låg tjukk og tung over alle fjell  
— og på barometret som spadde ilt. Eller ein satt med øret klistra  
til radioen og hørte oppatt og oppatt den sørgelege visa om låg-  
trykk og regn! Og her gjekk ein og venta på fjellver!

Ein tirsdagsmorgen skein sola. Himmelen var blå og vennleg,  
og fjella stod og smilte i godveret. Endeleg var dagen komen!

— Vi skal høre kva ver-mannen har å seie klokka eitt! sa Eivind  
og sette nasen til vers og liksom snusa.

— Klokka eitt! Ikkje tale om! No bles vi i alle ver-menn og  
meldingar! No fer vi.

Og så for vi — tre mann i fylgje: Erling og Alf og eg. Med sekk  
på rygg og jaktstøvlar på føtene la vi til fjells.

Du har truleg gått ruta frå Kårvatn til Inderdal? Du har slite deg  
opp dei lange liene framom Talgøy-setra og opp på fjellet? Du har  
stått i botnen under Bjøråskaret og sett Skjerdingfjellet lyfte si  
takkete egg mot himmelen? Den lange sundrivne eggja minner deg  
om ein steinalders-reidskap forma av jutulhender — ei trollstor  
steinsag med tind-stolen opp.

På austsida av Skjerdingfjellet er ein liten vakker botn med eit



Innerdalen med Tånet

Jac. Brun

vatn og ei elv. Erling har et hytte der, og denne hytta skulle vi bruke som base under operasjonane våre i fjellet.

Vi nådde hytta og tok eit bad i vatnet. Alf, som er ung og sprek, tok seg ein treningstur bortover rastane. Han sprang som ein hjort i villmarka. Snart var han oppe under urdene, snart var han nede ved vatnet, og snart var han bortover alle haugar. Han hoppa og spratt mellom tuver og storstein og langa ut så finnskjegg og fynne snerte om turnskorne. —

Vi matsteller oss, men enno er det mykje att av dagen. Sola skin frå blå himmel, og der kan vi ikkje sitte og sjå på kvarandre heile kveldsøkta. Vi lyst ut og røre på oss.

— Vi går til Bjøråskaret! seier eg.

— Det er langt til Bjøråskaret! svarar Erling.

— Men det er vakkert utsyn frå Bjøråskaret!

— Så går vi til Bjøråskaret! seier Alf.

Men så ber det ikkje til Bjøråskaret — ikkje før det første. Vi



Snøfjell og Skjæringsfjell fra Langevatn

Arne Falkanger

vil sjå kva som er austafor Skjerdingfjellet, går opp ei bratt kleiv og kjem opp på vide steinteler. Dei går i låge bårer mot høgfjell og tindar og ligg så traust under foten. Små elvar syng i soldagen der dei leitar seg far frametter fjellet, kviler ut i klåre vatn og dreg vidare på sin veg mot li og dal.

Tett innpå oss ruver Skjerdingfjellet med sundreven egg og nakne sider i bratt fall ned mot teler og flatfjell. Og sjå om ikkje Skjerdingfjellet har noko nytt å vise oss: Frå den langslette fjellsida spring det brått ut ein gavl, som kvesser seg opp i eit spist møne. Det ligg slik veldig kraft i denne piken at du tid for tid ventar at han skal rive seg laus frå eggja og kile ende til vers! Det er noko dristig og himmelstormande over denne bratte fjellgavlen som lyfter seg høgt over urd og egg — som eit Abel-monument i ville fjellheimen. Det dreg synet til seg og kallar fram assosiasjonar i tankane.

— Det får meg til å tenke på noko fritt og sjølstendigt! seier

Erling. Noko sterkt og stødig! Det er vilje og tross i denne bratte reising, og det er kraft og tyngde i denne breie fjellfoten! Ein slik konstruksjon held, kva som enn hender! Her kan du kaste med atombomber og all den develskap som folk kan finne opp — denne fjellgavlen blir ståande!

— Det får meg til å tenke på ei domkyrkje! seier Alf. Det møter deg med dei same dimensjonar som vestfronten i Nidaros-domen. Det er den same dristige arkitektur, og spaninga og stiginga i linene fortel om den same himmellengt! Det heile verkar som ein mektig lovsong — ein hymne i stein!

Vi ruslar framover telene. Augo sokjer gavlen i Skjerdingsfjellet alt i eitt, og likskapen med ei kyrkje blir meir og meir synleg — ein langvegg stig fram og står der tufta på flatfjellet i rett vinkel med gavlen, og høgre oppe skrånar fjellveggen inn mot pik og egg som eit tak. Javisst er det ei kyrkje — ein veldig stein-dom forma og bygd av sterke usynlege hender. Her spelar stormen sine tunge koralar over urd og aude vidder i mørke vinternetter. Her forkynner fjellstilla sitt lyse evangelium i klåre sommarkveldar, medan sola legg gullglans over takrygg og spir. Her står ei kyrkje mellom fjell og høge tindar — eit tempel bygd av Herrens eigne hender!

Kanskje er ho sett der til å minne oss om, at attom alle vakre utsyn og attom alle ville og veldige formasjonar bur det ein sterk vilje — ei evig ånd, som vi ikkje må gløymel! Sjeldan kjem ein vel denne sterke ånd og vilje nærrare enn når ein vandrar i fjell og einsemd. Ei slik vandring vil gjerne bli noko av ei messe — ei stille messe til dei gode og evige makter!

Men var det ikkje vi som skulle til Bjøråskaret?

Vi snur og kring-går nordhallinga av Skjerdingsfjellet, finn ein smal stig og fylgjer den og kjem på turistlina der fjellet flatnar innetter botnen under Bjøråskaret.

Eit vatn ligg og blenkjer i lågaste lendet, mørknar mot bratte urder bortunder foten av Snøfjellet, der kvite fonner tøyser seg ned i det iskalde vatnet. I grøne skrøer står sauér og einstirer, og rypa lettar frå sølvgrå vierkjerr og siglar på strake kvite venger mot urd og ulende. I vest og aust reiser fjella seg tunge og ruvande mot himmelen, og framfor oss har vi oppstiginga til skaret.




Mot Nordviksula

Johannes Østby

Vi går opp ei bratt snøfonn, og sjå der: i den steingrå brunana står tre reinsdyr i silhuett mot himmelen — ei simle med to kalvar. Erling finn fram foto-apparatet, men før han vinn å stille inn, tek reinane ut og er borte. Snarspringaren Alf tek ein omveg og får snudd dei, og så kjem dei same vegen tilbake. Det klikkar i fotomekanismen, og dei stryk som vinden over stein og mosemark. Den grå dyrefargen går i eitt med stein og fjell, og det siste vi ser, er dei lyse bakendane som kjem bort attafor ein kvass rabb.

— Eg fekk dem! seier Erling og pakkar apparatet i ryggsekken.

Så står vi i Bjøråskaret. Brun og li fell bratt ned mot Inderdalen. I kveldsskuggen djupt nede svartnar det på eit vatn. I fjellet midt i mot opnar Giklingdalen seg — tverrdalen som fører over til Sunndal. Giklingdalsliene flatnar ned mot eit vatn. Frå vatnet renn ei elv fram gjennom dalen, når bruna og fell i kvit foss ned i Inderdalen. Til venstre for tverrdalen stig Dalatårnet bratt til vers, run-




Todalsøra

Johs. Østby

dar seg som eit borgtårn mot oss i skaret og skyt til vers som eit spir mot blå luft. På andre sida dalen ruver det sundrivne Skarfjellet med kløfter og dype skar og med is og snø som aldri brånar. I nerkanten av breane grøner det på gammelisen, som lyser om kapp med grasliene lenger til dals. I bakgrunnen blånar det i Trolla, og lengst i aust ligg Rendalsvatnet som ein blank spegel oppunder fjellbrun og blå himmel.

Denne veldige natur grip og held fast. Det tek tid før augo får stire seg mette på dette landskapet, som er både vakkert og vilt. Men lat oss ikkje seie meir om dette utsynet, som er skildra så mange gonger før. Det vakraste utsyn i landet — ja, kanskje i heile verda! har ein ekspert som Gunnar Raabe sagt, og dermed får det vera nok. — Det er kaldt oppe i skaret, og det gjer godt å få røre på seg. Men i nordhallinga av skaret møter det oss eit nytt utsyn som bed oss stansa og sjå:

Her fell lendet bratt ned mot den dype og tronde Todalen. Men



Skjæringsfjell.

Frk. G. Meland

bortafor dal og bygd stig fjell til vers — det eine attafor det andre, medan landet lågnar i lange, vikande liner. Mot aust står Skjerdingsfjellet og stengjer, så vi får ikkje Snotene med i den tindeparaden som møter synet. Det er Nordviksula som dominerer biletet. Ho kjem oss nærest og opnar seg som ei rovklo mot himmelen. Attafor og til venstre lyfter Hjelmen sin runde skalle i veret, og attmed han står Hjelmkona. Lenger mot vest kjem Blåfjellet, og i gråblå dis lengst ute stikk Tustnafjella til vers som tre såter: Stabben, Storøret og Litl-øret. Aksel ved aksel står dei der som dei ytste utpostar mot skjergard og hav.


Og inn mellom fjell og åsar teiknar fjordane blanke flater. I det bleike kveldslyset får sjøen ein mild gråfiolett farge, som lenger ute får eit innslag av raudt. Og lengst ute — der landet sluttar, og himmelen går til havs — står låge kveldskyer i brann. Det lyser i purpur og brenn i gull, og legg ein varm fargetone over sjø og land, og dei alvorlege fjella lyser opp og står og smiler mot sola. Det heile er som ein symfoni — ein Nøturno av Grieg komponert i former og fargar.

Vi sit der i fjellriset og let augo suge inn dette veldige biletene av fjell og fjord og himmel. Ingen seier noko. Og kva skulle ein

elles seie i ei slik stund. Her blir alle ord fattige og fargelause. Her er det stilla som talar — naturen tek ordet og talar til deg med slik styrke at det aldri går deg av minne.

Sola sloknar og sig i hav. Fargespelet i skyene bleiknar og døyr, og kvelden dreg eit mørkt klede over den blanke fjordspegelen. Fjellsnoen syng med kaldt mål over telene, og vi reiser oss og går tagalle heim til hytta under Skjerdingfjellet.

Øyv. Lund



En varm genser  
— det får'n si

## ONKEL JOHAN

Av Roar Tønseth

Kjenner du onkel Johan? Ikke det. Nei, nei — det er kanskje ikke så mange som kjenner ham. Noen er det kanhende som ikke vil ha særlig glede av bekjentskapet heller. Jeg for min del setter imidlertid overordentlig pris på onkel Johan, og når jeg her forteller om ham så er det for at mange flere skal få sjanse til å lære ham å kjenne.

La meg forresten med en gang gjøre oppmerksom på at han slett ikke er *min* onkel. Min venn boligdirektøren er hans nevø, og det er ham jeg har å takke for bekjentskapet. Jeg har notert meg det som — et ikke helt lite — pluss ved nevnte boligdirektør. Er i særlig grad villig til å unne ham det, da det sikkert er en større del som samler på minussene.

Nok om det. Det er i første rekke som fjellvandrer jeg har glede av onkel Johan. Ja, jeg tror jeg tør si, at han er den sikreste følgesvenn på turene mine — særlig da på påsketurene. Aldri noe kluss med onkel Johan, nøysom på plassen, aldri påtrengende, men svært villig til å hjelpe om noe står på. Hvis onkel Johan ikke er med på hytta — ja, da føler jeg det som et virkelig savn. Og i grunnen vil jeg så gjerne at dere andre også skal lære å sette pris på ham på den måten.

Det har hendt at jeg har latt onkel Johan bli tilbake på hytta fra den ene ferien til den andre, men det har ikke forhindret at gjensynet alltid har vært like kjært. Har jeg vært ute i strieste snøstormen eller i brennende sol, ja, da trykker jeg onkel Johan til mine løber, og føler en lise derved, som ingen kvinde i den stund